

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vik.

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag: Vik.

Oppskr. av: Tor Hovland.

Gard: Sæbø.

(adresse): Vik i Sogn.

G.nr. 1. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter eigi røynsle og etter heimelsmenn.

## SVAR

1. Slikt hjelpefor har vore mykje nytta i Vik i eldre tid, og enno vert det nytta på gardar der dei har skog til det. Ein kallar det ris. n. Og ein tek det serleg av osp, bjørk, raun, alm, selje.

2. Nemmingi er: å risa. ( riser -riste- rist)

Dei bruka ikkje serskild slede her.

3. Om vinteren. Vinterveden vert jamnast køyrd heim av ukvista tre, som vert lagde i vedakosten nær vedhuset. Osp og alm tek dei vanleg ikkje før dei har teke til å knoppast om vårvinteren.

4. Øks og snel. Snel til å hogga riset saman med. Osperiset vert vanleg brote saman med berre hendene.

5. Kyr og til dels hest. Dei får riset heilt.

6. Risdungen låg i tunet tett ved løa. Før i tidi då det var vanleg med geiter på dei fleste gardar, slepte dei desse lause, og dei forsynte seg då av risdungen. I snøtunge bolkar tok dei gjerne sprake( einer) og furebar med, og gnog skavet av ospekjeppar. No er dette gått or bruk.

7. Ukjent her.